

Eksamenssett til Inspera

2NO35-3 Språk og samfunn (kontinuasjoneksamen årsstudium i norsk) – 15 stp

Type: *Individuell heimeeksamen/innlevering (opplasting av fil) i Inspera*

Tid: *Onsdag 29. september kl. 09.00-15.00 (6 timar)*

Målform: Nynorsk (med mindre ein har fritak)

Formelle sider ved innleveringa

Gjer deg kjend med rutinane og retningslinjene for innleveringa:

<https://www.inn.no/student/eksamen/>

<https://www.inn.no/student/eksamen/hjemmeeksamen-innlevering>

Ved heimeeksamen er det ekstra viktig at ein er nøye med referansar og kjelder!

<https://www.inn.no/bibliotek/skrive-og-referere>

Alle oppgavesvara blir automatisk sjekka av plagiatkontrollsystemet Urkund, som sender melding til sensor om kor mange prosent i teksten som er identisk med andre tekstar; dette gjeld også tekstar ein sjølv har levert tidlegare.

Dersom du er usikker på reglane for plagiat, les her:

<https://www.inn.no/bibliotek/skrive-og-referere/unngaa-fusk>

Les også:

Forskrift om opptak, studier og eksamen ved Høgskolen i Innlandet

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet>

spesielt §8 om fusk.

Denne eksamenen er eit individuell heimearbeid. §8.1 definerer bl.a. «å ha deltatt i regelstridig samarbeid mellom eksamenskandidater eller grupper.» som fusk. Det står også eksplisitt: «Kandidater som forsettlig medvirker til fusk hos andre, ansees også for å ha fusket, uavhengig av eksamensform.», og: «Dersom det ved sensurering av individuell eksamen viser seg at to eller flere besvarelser klart bygger på samme originalarbeid, eller har samme opphavsmann, eller i stor grad har felles disposisjon eller materielt innhold, regnes det som fusk hos alle de involverte.»

Oppgaver på side 2 og 3 >>>

OPPGÅVER

Svar på éi av dei tre oppgåvene (1, 2, 3) nedanfor.

Kvar oppgåve består av to kortsvarsoppgåver (a, b) og éi langsvarsoppgåve (c).

Både kortsvarsoppgåvene og langsvarsoppgåva innanfor kvar oppgåve skal svarast på.

Vektinga av deloppgåvene er 25 % per kortsvarsoppgåve og 50 % for langsvarsoppgåva.

Bruk fagterminologi og korrekt språk, og grunngjev konkret og tydeleg der du eventuelt vel å avgrense oppgåvene.

Oppgåve 1

a) Kortsvar:

Nemn og forklar tre ulike forhold som kan påverke i kva grad norskopplæringa blir vellykka for ein innvandrar som kjem til Noreg som 15-åring. Du kan peike på forhold knytte til både språk, språkbrukar og samfunn.

b) Kortsvar:

Gjer greie for eit morfologisk trekk som er i endring, og peik på minst éi mogleg årsak til denne endringa.

c) Langsvar:

Drøft forskjellane i språkpolitikken på 1800-, 1900- og 2000-talet.

Oppgåve 2

a) Kortsvar:

Forklar kva ein ser av fonologiske, morfologiske og syntaktiske trekk i den gammalnorske setninga «Þorsteinn hét maðr», og samanlikn med moderne norsk.

b) Kortsvar:

Gjer greie for eit morfologisk trekk som er i endring, og peik på minst éi mogleg årsak til denne endringa.

c) Langsvar:

Julia er fødd og oppvaksen på Hamar, og går på ungdomstrinnet på ein byskole. Om det munnlege språket sitt seier ho at ho ikkje har dialekt. Dei som er rundt henne, kan legge merke til at ho snakkar ulikt i ulike sosiale situasjonar, og i nokon grad er ho merksam på dette sjølv også. Eit eksempel på språkleg variasjon er at ho brukar mykje engelsk når ho spelar og snakkar med venner online, både enkeltord og heile ytringar, men mindre i andre samanhengar. I ulike situasjonar kan ho også veksle mellom å seie /fʊnet/, /fʊni/, /fini/ eller /fʊni/ for perfektum partisipp av verbet *finne*, og /skuene/ eller /skua/ for bestemt form fleirtal av substantivet *sko*.

Drøft korleis vi kan beskrive og forstå den språklege variasjonen til Julia.

Oppg ve 3

a) Kortsvar:

Forklar kva ein ser av fonologiske, morfologiske og syntaktiske trekk i den gammalnorske setninga «Þorsteinn h t ma r», og samanlikn med moderne norsk.

b) Kortsvar:

Nemn og forklar tre ulike forhold som kan p verke i kva grad norskoppl ringa blir vellykka for ein innvandrar som kjem til Noreg som 15- ring. Du kan peike p  forhold knytte til b de spr k, spr kbrukar og samfunn.

Langsvar:

Dr ft kva status dansk har i den nordiske spr kfelleskapen i dag, samanlikna med norsk.